

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 20.01.05
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Helse Vest sin medverknad i samband med flodbølgekatastrofen i Sørøust - Asia**

Styresak 14/05 O pkt. 2

Styremøte 02.02. 2005

Psykososiale støttetjenester

Etter avtale med Helse- og omsorgsdepartementet og Sosial- og helsedirektoratet vart det etablert ei døgnkontinuerleg psykososial støttetjeneste i dei regionale helseføretaka. Det vart etablert eit nasjonalt nummer **800 36 303**. Føresurnadene blei kanalisert til senteret i den aktuelle helseregionen. I Helse Vest vart Sandviken sykehus utpeika til denne funksjonen. Telefonen var operativ frå og med onsdag den 29.12.2004 kl 12.00.

Dei psykososiale støttetjenestene skulle også omfatta tenester til personar med framandkulturell bakgrunn, med særleg tanke på personar frå dei ramma områda i Sørøust-Asia. Det måtte sikrast nødvendig tolketjeneste. Frå Helse Bergen blei det etablert kontakt med kriseleiinga i Bergen kommune som ville formidle kontakt med tolk ved behov for slik bistand. Det har så langt ikkje vørt behov for tolketjeneste for beredskapstelefonen i Helse Bergen.

Beredskapstelefonen har vørt bemanna med psykiatrar og psykiatriske sjukepleiarar. Den er no overført til psykiater i bakvakt ved Sandviken sjukehus.

Helse Vest har bedt helseføretaka om at det vort etablert registrerings- og oppfølgingsrutinar som sikrer at personar som blir gitt eit tilbud nå, får den nødvendige oppfølging også på lengre sikt.

Telefonar til 800 36 303

Samla har det vørt 42 telefonar til beredskapstelefonen. Dei fleste samtalane har vørt på dagtid. Dei som har ringt har vørt pårørande, overlevande og helsepersonell med spørsmål om kriseteam i kommunane.

Det har vørt bestilt time ved DPS poliklinikk og det har vørt rådgiving i forhold til kor pårørande/overlevande kan vende seg til seg til for vidare hjelp. Elles generell krisepsykiatrisk rettleiing.

Team til Arlanda flyplass

Helse Vest RHF blei seint onsdag kveld den 29.12 bedt om å sende eit team på 10 med relevant helsepersonell til Arlanda. Det blei tatt kontakt med Helse Bergen og Helse Stavanger for å

rekruttera til teamet. I løpet av imponerende kort tid og med stor velvilje stilte medarbeidarar frå desse helseføretaka opp for dette oppdraget. Helse Bergen med 5 medarbeidarar og Helse Stavanger med 6 medarbeidarar.

Teamet blei tverrfaglig samansett med prest, barnepsykiatrar, psykiater, barnelege, psykiatrisk barnesjukepleiar, psykiatrisk sjukepleiar, sjukepleiarar med erfaring frå akuttmottak, anestesilege og ambulansefaglig kompetanse. Teamet organiserte seg med leiar Bjarte Stubbhaug frå Helse Bergen. Det vart på kort tid ordna med det praktiske som flybillettar og kontaktar på Arlanda flyplass.

Teamet kom til Arlanda torsdag den 30. kl 10.00. Dei returnerte måndag den 3. januar. Oppgåvene hadde vore varierte og svært meningsfylte. Teamet hadde gitt hjelp til både norske og andre skandinaviske personar som kom til Arlanda. Helse Vest har fått svært positive tilbakemeldingar gjennom nasjonale styresmakter for den innsatsen dette teamet gjorde. Leiar av teamet, psykiater Bjarte Stubbhaug, har utarbeida ein rapport om oppdraget og erfaringar frå arbeidet i mottaket på Arlanda. Rapporten vil også gje innspel i høve til ein mogleg modell for denne type ekstern innsats ved kriser og katastrofer, der profesjonelt helseteam skal sendast ut. Det er aktuelt å gje innspel til Helse Vest sin beredskapsplan i så måte.

Helse Bergen HF

Beredskapsleiinga hadde faste møter dei første dagane for å være orientert om situasjonen og eventuelt førebu tiltak. Helse Bergen utløyste ikkje beredskapsplanen, då det etter kvart blei klart at dei ikkje ville få pasientar til innlegging.

Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling ved Helse Bergen etablerte ein telefon i forhold til problemstillingar hos barn og unges som helsepersonell og andre kunne ringe til.

Helse Stavanger HF

SUS sette kriseleiing onsdag 29. desember. Kriseleiinga hadde daglege samarbeidsmøter med Stavanger, Sandnes og Sola kommunar for å halde kvarandre orientert og for å avklare forholdet mellom 1. og 2. linjetenesta.

Eit ambulanseteam var på dagtid frå onsdag tom søndag stasjonert på Sola flyplass og saman med politi og Sola kommune tok disse imot og registrerte innkomne passasjerar.

Sjukehuset gjorde klart for mottak av smittepasientar. Laboratoriet blei satt i utvida beredskap for fortløpande å kunne analysere nødvendige prøver. Ein sengepost sto tom i jule/nyttårshelga blei klarert som eventuell smittepost dersom det skulle kome meir enn 10 pasientar.

Det blei førebudd 2 team med prest og psykiatrisk personell som eventuelt skulle arbeide inne i posten med pasientar og utanfor posten med pårørande.

Psykiatrisk klinikk sette nødvendig beredskap for å ta imot pasientar, eventuelt gi telefoniske råd til kommunehelsetenesta.

Då det viste seg at sjukehuset ikkje fekk pasientar, blei beredskapen trappa ned og kriseleiinga avslutta sitt arbeide måndag 3. januar.

Fom søndag 2. januar trappa psykiatrisk klinikk opp sin beredskap med eige telefonnummer der kommunehelsetenesta kunne komme i kontakt med psykiatrisk fagpersonell.

Helse Fonna HF

Beredskapsleiinga bestemte å ikkje sette i verk tiltak. Den normale beredskapen vart vurdert å vera tilstrekkeleg i føretaket. Det var ikkje teikn på at det var mange pårørande med behov for psykiatrisk spesialisthjelp.

Helse Førde HF

Psykososial støttegruppe har hatt vanleg beredskap i denne perioden.

BUP har vært i aktivitet i forhold til NRK og Politi. Helse Førde sende melding til Bergen at dei kunne kontaktast ved behov. Fleire av kommunane i Sogn og Fjordane har vore i aktivitet i samband med følgjene av katastrofen og dei har klart seg utan assistanse frå spesialisthelsetenesta.

Samarbeid med kommunehelsetenesta

Det har vært formalisert kontakt og samarbeid med de største kommunane som også har ansvar for internasjonal flyplass. Psykososial støttetjeneste – tlf 800 36 303 har vært tilgjengelig på døgnbasis også for kommunehelsetenesta.

Rettleiingsskriv

Sosial- og helsedirektoratet har utarbeida eit rundskriv til psykisk helsevern i samband med flodbølgekatastrofen. Rundskrivet gir anbefalingar for psykisk helsevern for oppfølging av dei som er ramma. Føremålet er å sikra eit kvalitativt mest mogeleg likt og heilskapleg tilbod til personar som har vært utsett for store påkjenningar – uavhengig av kor dei bur i landet.. Kommunane fekk eit tilsvarande rundskriv som gir råd for handteringa i den primære helse- og sosialtenesta.

Beredskap i sjukehusa

Det har ikkje vært innleggelsar relatert til katastrofen på nokon av sjukehusa i Helse Vest. Sjukehusa vurderte dagleg beredskapsbehovet i forhold til mottak av pasientar. Regional AMK har hatt ein viktig funksjon her, og vært i direkte kontakt med Ullevaal sykehus.

Rapportering

Helse Vest er bedt om ein rapport i andre halvdel av 2005 med tilbakemelding til Direktoratet om den langsiktige oppfølginga. Helse Vest har bedt helseføretaka førebu denne rapporteringa.

Økonomiske tilhøve

Kostnadene knytt til ekstraordinære tiltak i helsetenesta er søkt dekkja over ei tilleggsløyving frå Stortinget. Helse Vest har sendt inn overslag over dei kostnadene som er komme til i helseføretaka.

Vurdering

Adm. direktør meiner at Helse Vest har handtert oppgåvene som skulle løysast av oss på ein god måte. Vi etablerte raskt den nødvendige beredskapen til å handtere eventuell pågang av pasientar til innlegging. Vi bidrog også til å løysa fellesoppgåver her heime og i utlandet.

Vår ordinære beredskap låg til grunn. I beredskapsplanane er det lagt vekt på at organisasjonen skal kunne tilpassa seg nye situasjonar. I dette tilfelle fungerte det bra. Vi skal bruka erfaringane i høve til revisjon av beredskapsplanane våre.